



Arkivnr: 2015/12051-1

Saksbehandlar: Arild Sondre Sekse

### Saksframlegg

#### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkeseldrerådet i Hordaland		02.12.2015

## Konstituering av nytt fylkeseldreråd 2015-2019

#### Samandrag

Fylkestinget oppnemnde i tingsete 27.10.2015, sak 84/15 fylgjande medlemar til Fylkeseldrerådet i Hordaland for valperioden 2015-2019:

Medlemer	Personlege varamedlemer
1. Kåre Ystanes - Pensjonistforbundet	Gunvor Opdal - PF
2. Inger M. Lingjerde - Pensjonistforbundet	Kari Solberg - PF
3. Odd Himle - Seniorsaken Vest	Egil Haaland - PF
4. Gunda Falao Sparre - LOP	Svein Njaastad - LOP
5. Martin Monrad Reigstad - Fagforbundet	Eli Nordstad - FSF
6. Synnøve Solbakken - Arbeidarpartiet	Tore Svendsen - SV
7. Inger Sjøn - Høgre	Silje Hjemdal - FRP

I "Lov om kommunale og fylkeskommunale eldreråd" kap. II § 6 (*Val og samansetjing av fylkeskommunale eldreråd*) står det m.a.:

*Rådet peikar sjølv ut leiar og nestleiar, som skal veljast ut mellom pensjonistane.*

"Alderspensjonist" er i lova definert som ein person som mottek alderspensjon. Det er ikkje eit krav om at ein må ha alderspensjon frå folketrygdlova. Det vil seia at ein også blir rekna for å vera alderspensjonist dersom ein har gått av med alderspensjon før fylte 67 år.

Det har vore reist spørsmål om det er teke etterhald om at leiarverva skal tilfalla alderspensjonistar som er oppnemnt etter forslag frå organisasjonane. Departementet si tolking av dette er at eldrerådet sjølv vel dei alderspensjonistane i rådet dei ynskjer som leiar og nestleiar, uavhengig av om desse er blant dei som er føreslegne frå organisasjonane eller frå det politiske miljøet.

Dersom nokon krev det vil det bli skriftleg val på leiar og nestleiar.

**Forslag til vedtak**

1. Som leiar av Fylkeseldrerådet i Hordaland for valperioden 2015-2019 vert ..... vald.
2. Som nestleiar av Fylkeseldrerådet i Hordaland for valperioden 2015-2019 vert ..... vald.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid K. Holm Svendsen  
Fylkesdirektør økonomi- og organisasjonsavdelinga

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*